

# Protokoll frå revisjonsutvalsmøte i Helse Vest RHF

**DATO:** 01.04.2014  
**MØTESTAD:** Helse Vest RHF

**Utvalsmøtet var ope for publikum og presse**

## **Deltakarar frå utvalet**

Lise Reinertsen	Leiar
Reidun Johansen	Medlem
Gunnar Berge	Medlem

Ingen forfall

## **Deltakarar frå administrasjonen**

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen  
Eigardirektør Ivar Eriksen

Konsernrekneskapsjef Berit Bore tok del under behandlinga av sak 07.

## **Deltakarar frå internrevisjonen**

Leiar for internrevisjonen Bård Humberset (sekretær for komiteen)

## **Sakliste**

Sak 06/14 B Godkjenning av innkalling og dagsorden  
Sak 07/14 O Årsrekneskap og årsmelding Helse Vest 2013  
Sak 08/14 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 03.03.2014  
Sak 09/14 O Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor  
Sak 10/14 B Revisjonsutvalet sin aktivitetsplan 2014  
Sak 11/14 B Eventuelt

## **Sak 06/14 B Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## **Sak 07/14 O Årsrekneskap og årsmelding Helse Vest 2013**

### **Oppsummering:**

Konsernrekneskapssjef Berit Bore frå Helse Vest RHF gikk gjennom forslaget til årsrekneskap og partner Tommy Lothe frå Ernst & Young presenterte revisors oppsummering for 2013. Utvalet nytte presentasjonane som grunnlag til å stille spørsmål og blei ikkje sittende igjen med ubesvarte spørsmål.

Utvalget tok mellom anna opp revisoren sin uavhengigheit, og konstaterte at omfanget av rådgjevingstenester til føretaksgruppa var lite. Det var også diskusjon om risikoen for misligheter, samt omfang og handtering.

### **Vedtak (samrøystes):**

Revisjonsutvalet tilrår styret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding for Helse Vest 2013.

## **Sak 08/14 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 03.03.2014**

### **Oppsummering:**

Det vart vist til at ein denne gong hadde valt å orientere styret om protokollen frå 3.3 utan at denne var formelt godkjent i utvalet. Praxis frametter blir at protokollen blir godkjent i revisjonsutvalet før framlegging for styret.

Det kan likevel vere tilfelle i einskildsaker at ein legg fram for styret utvalet sitt vedtak før formell behandling av heile protokollen på neste utvalsmøte. Det vil kunne skje dersom utvalet har møte dagen før styret, og styret bør kjenne til revisjonsutvalet si behandling av saka.

### **Vedtak (samrøystes):**

Revisjonsutvalet godkjenner protokollen frå møte 03.03.2014.

## **Sak 09/14 O Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor**

### **Oppsummering:**

Revisjonsutvalet bad om at statusarket frå internrevisor blei utvida med stikkord knytt til innhaldet i dei einskilde revisjonsprosjekta.

**Vedtak (samrøystes):**

Utvalet tar saka til orientering.

## **Sak 10/14 B Revisjonsutvalet sin aktivitetsplan 2014**

**Oppsummering:**

Utvalet drøfta den framlagde aktivitetsplanen og uttrykte ønske om at den blir fast post på agendaen i utvalsmøta. Det var vidare ønske om å få ei orientering om prosessen knytt til utarbeiding av revisjonsplan på kommande møte (22.5). Grunnlaget for val av saker bør også inkludere styrets årshjul.

**Vedtak (samrøystes):**

Revisjonsutvalet legg aktivitetsplanen til grunn for sitt arbeid ut 2014, og ber om at oppdatert plan blir fast post på agendaen i utvalsmøta.

## **Sak 11/14 B Eventuelt**

Det var ingen saker til eventuelt.

01.04.2014

Ref. Bård Humberset

Lise Reinertsen (Leiar)

Reidun Johansen (Medlem)

Gunnar Berge (Medlem)